
Saksnr: 2020/59373-7
Saksbehandlar: Ole-Vegard Skauge

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Nytt kommunevåpen Tysnes kommune

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune meiner at Tysnes kommune sitt forslag til nytt kommunevåpen – Alternativ 2 - har fare for forveksling med Hordaland fylkeskommune sitt fylkesvåpen.
2. Vestland fylkeskommune ber Tysnes kommune ikkje legge opp til vedtak av Alternativ 2 på det noverande tidspunkt.
3. Vestland fylkeskommune er viljug til å ta opp att diskusjonen ved eit seinare høve.
4. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen bistå Tysnes kommune om det vert førespurt.

Samandrag

Tysnes kommune er i prosess med nytt kommunevåpen. Det vart 28. april 2020 sendt høyringsbrev til Vestland fylkeskommune med melding om at ein ynskjer å ta i bruk Onarheimseglet, med krosslagde økser og krone, i det nye kommunevåpenet. Tysnes kommune vurderer at det ikkje er forvekslingsfare med Hordaland fylkeskommune, og peikar på at fylkesvåpenet er gått ut av bruk. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert at lovkravet også gjeld for våpen som er gått ut av bruk, og særleg ved nærleik i tid og geografi. Fylkesrådmannen vurderer forslaget til å ha så sterke fellestrekk med fylkesvåpenet til Hordaland fylkeskommune til at det ligg føre forvekslingsfare, jf. kommunelova § 3-2. Vestland fylkeskommune sitt fylkesvåpen vart teke i bruk 1.januar 2020. Fylkesrådmannen tilrår at Tysnes kommune ikkje vedtek Alternativ 2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift


Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tysnes kommune har i dag ikkje eit formelt godkjent kommunevåpen, og har iverksett arbeid med kommunevåpen. Det vart 28. april 2020 sendt høyringsbrev til Vestland fylkeskommune med melding om at ein ynskjer å ta i bruk motivet i Onarheimseglet, krosslagde økser og krone, i det nye kommunevåpenet.

Saksutgreiinga frå Tysnes kommune av 6. februar 2020 er vedlagt høyringsbrevet. Der heiter det at når Hordaland fylkeskommune sitt fylkesvåpen ikkje lenger er i bruk er det ikkje risiko for forvekslingsfare etter kommunelova § 3-2.

I saksframstillinga til Tysnes kommune er alternativ 1 og 2 vist slik. Til venstre er Alternativ 1, som er det våpenet Tysnes kommune nyttar i dag. Til høgre er alternativ 2, som Tysnes kommune ynskjer:



Tysnes kommune gjorde 6.februar 2020 følgjande vedtak:

«1. Tysnes kommune ynskjer å godkjenne kommunevåpen alternativ 2, på blå grunn to sølvfarga kryssede økser med krone over. Motiv et kjem frå eit segl funnet etter Olavsgildet på Onarheim.

2. Heraldiske fargar som skal nyttast er blå og sølv I pantone fargar skal det nyttast «Prosess Blue» og kvit. I CMYK fargar skal det nyttast fargekodane 100-13-1-3 og 0-0-0-0

3. Avgjerdsla skal sendast på open høyring, slik at ein kan få innspel frå innbyggjarane i Tysnes kommune.

4. Endelig avgjersle skal gjerast i kommunestyret 7. mai»

Etter lokal høyring våren 2020 vart saka sendt til høyring til Vestland fylkeskommune 28.april 2020. Frist for fråsegn vart opphavleg sett til 1.juni. Tysnes kommune har gjeve Vestland fylkeskommune utsett frist 2 gonger, og ynskjer i e-post av 26.august 2020 at Vestland fylkeskommune politisk vedtek ei fråsegn til saka.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. kommunelova § 3-2.

Vurderingar og verknader

Kommunelova § 3-2 seier følgjande om fastsetting av våpen:

«Kommunestyret fatter selv vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg. Fylkestinget fatter selv vedtak om fylkesvåpen og fylkesflagg.»

Kommunale og fylkeskommunale våpen og flagg skal ikke kunne forveksles med eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg, andre kjennetegn som er omfattet av straffeloven § 165 bokstav b eller § 166, et statsflagg eller noe som kan oppfattes som slike kjennetegn eller flagg.»

Det er kun kommunestyre og fylkesting som har mynde til å vedta kommunevåpen og kommuneflagg. Den tidlegare ordninga med statleg godkjenning er oppheva av omsyn til det lokale sjølvstyret.

Kommunelova § 3-2 andre ledd gjev nokre avgrensingar for vedtaking av kommunevåpen, m.a. at kommunale og fylkeskommunale våpen og flagg ikkje skal kunne forvekslast med «eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg».

Fylkesrådmannen vurderte at Tysnes kommune sitt forslag til nytt kommunevåpen ville kunne kome til å likne på Hordaland fylkeskommune sitt fylkesvåpen:

Hordaland fylkeskommune



Tysnes kommune – Alternativ 2



Tysnes kommune si vurdering er at det ikkje var trong for vurdering av forvekslingsfare når Hordaland sitt våpen var gått ut av bruk, og liten fare for forveksling. Fylkesrådmannen såg uvisse ved korleis saka skal handsamast. Det er ikkje funne presedens, og Arkivverket har ikkje lenger ei rådgjevarrolle for utforming og registrering av kommunevåpen. For å få rettleiing til prosessen kontakta fylkesrådmannen 8.juni 2020 Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) skriv i brev til Vestland fylkeskommune av 3.juli.2020, at lova truleg må tolkast slik at også kommunevåpen frå nedlagde fylkeskommunar skal reknast som «eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg»:

«Departementet har under tvil kome til at lova truleg må tolkast slik at også kommunevåpen frå nedlagde fylkeskommunar skal reknast som "eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg", jf. § 3-2 andre ledd.»

Til samanlikning så kan bruk av eit eldre kommunevåpen i nokre samanhengar vere uheimla bruk etter straffelova § 165 b. Det inneber at ein i den samanhengen ikkje utelukkar at eit tidlegare kommunevåpen har eit vern mot misbruk. Dette taler for at eit tidlegare

kommunevåpen bør ha eit vern mot at andre kommunar vedtar nye kommunevåpen som kan forvekslast med eit eksisterande våpen sjølv om det ikkje lenger er i bruk eller den aktuelle kommunen ikkje eksisterer.»

Departementet konkluderer med at det skal gjerast vurdering av forvekslingsfare mellom to våpen, også der det eine skulle være gått ut av bruk. Det heiter også i brevet at dette særleg er aktuelt når det har gått kort tid og det er geografisk nærleik mellom kommunar:

«Eit kommunevåpen er eit kjenneteikn på ein kommune si utøving av offentleg myndigheit. Dersom ein kommune bruker eit våpen som kan forvekslast med eit anna våpen, kan det skape villfaring og svekke tilliten til offentlege organ. Spørsmålet er om dette er eit like tungt omsyn i dei tilfella der kommunevåpenet ikkje lenger er i bruk i ein fylkeskommune som ikkje lenger eksisterer.


Departementet meiner at det er eit relevant omsyn å hindre at eit nyleg vedtatt kommunevåpen kan forvekslast med eit våpen som ikkje lenger er i bruk. Sjølv om det kan vere tilfelle der kommunen eller fylkeskommunen som tidlegare brukte våpenet, ikkje lenger eksisterer vil det kunne vere ein fare for forveksling. Dette gjeld særleg når det har gått kort tid og det er geografisk nærheit mellom dei ulike kommunane. Omsyna bak føresegna i kommunelova § 3-2 tilseier at ho også bør ramme desse tilfella, sjølv om kommunevåpenet ikkje lenger er i aktiv bruk.»

Fylkesrådmannen har stor forståing og respekt for at Tysnes kommune ynskjer å ha Onarheimseglet i det nye kommunevåpenet. Onarheim på Tysnes var ein viktig tingstad i mellomalderen for store deler av Hordaland. Tysnes kommune har god grunn til byrgskap over historia knytt til tinget på Onarheim, og Onarheimseglet ville i utgangspunktet være særst godt eigna som grunnlag for motiv for Tysnes kommune sitt nye kommunevåpen.

Fylkesrådmannen meiner likevel det er forvekslingsfare mellom Tysnes kommune sitt Alternativ 2, og Hordaland fylkeskommune sitt fylkesvåpen. Medteke i vurderinga er t.d. bruk av våpen i svartkvitt og lesbarheit for synshemma og fargeblinde, men også slik dei ligg føre i saka er det så stort motivisk samanfall at det er forvekslingsfare.

Hordaland fylkeskommune

Tysnes kommune – Alternativ 2



Fylkesrådmannen har vurdert moglege formelle følgjer som kan kome dersom Tysnes kommune skulle vedta Alternativ 2. I forarbeida til kommunelova, Prop. 157 L (2016-2017) viser Departementet til at det framstår som usannsynleg at ein kommune fastset og nyttar eit kommunevåpen som er eigna til å forvekslast med eit eldre kommunevåpen, fordi kommunen vil ha eigeninteresse av å unngå forveksling. Dersom det skal overprøvast om eit kommunestyre si vedtaking av kommunevåpen er lovleg, må dette derfor gjerast som lovlegkontroll etter reglane i kommunelova kapittel 27. Bruk av eit eldre kommunevåpen, eller noko som lett kan forvekslast med dette, utan løyve, kan i nokre samanhengar vere straffbart etter straffelova § 165 b.

Fylkesrådmannen har forsøkt å vurdere kva dei praktiske følgjene av forveksling kan være. I år framover vil vedtak og planar frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sirkulere og være bindande og operative i offentlegheita. For einskilde deler av den fylkeskommunale verksemda kan

vedtak og utgreiingar ha lang levetid. Det ville være uheldig om nokon skulle forveksle fråsegn eller vedtak frå Tysnes kommune med tilsvarande frå Hordaland fylkeskommune. Det er truleg ikkje oversiktleg kva konsekvensar dette kan føre til.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har dessutan fylkesvåpen som mange i Vestland framleis har kjensler til. Det kan neppe heilt utelukkast at det i ei framtid kunne kome ein diskusjon om kor vidt eit eller begge av desse våpna skulle kunne brukast på nytt. Fylkesrådmannen tek ikkje stilling til dette, men gjer merksam på det.

Fylkesrådmannen ser at tidsaspektet er vektlagt i brevet frå Departementet, ved at forvekslingsfaren er særleg aktuell ved nærleik i tid. Fylkesrådmannen meiner dette kan opne for at diskusjonen kan takast opp att på ny ved eit seinare høve.

Fylkesrådmannen vil etter å ha vurdert momenta i saka rå i frå at Tysnes kommune vedtek Alternativ 2. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til det framlagte Alternativ 1.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen innstiller til følgjande innstilling/vedtak:

1. Vestland fylkeskommune meiner at Tysnes kommune sitt forslag til nytt kommunevåpen – Alternativ 2 - har fare for forveksling med Hordaland fylkeskommune sitt fylkesvåpen.
2. Vestland fylkeskommune ber Tysnes kommune ikkje legge opp til vedtak av Alternativ 2 på det noverande tidspunkt.
3. Vestland fylkeskommune er viljug til å ta opp att diskusjonen ved eit seinare høve.
4. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen bistå Tysnes kommune om det vert førespurt.